



MØTEREFERAT

Dialogmøte mellom Gol kommune og Statens vegvesen (SVV)

Møtedato	22.02.2017
Tid og stad	Gol kommunehus kl. 10.00-13.00
Referent	Svein Eide
Tilstades: Gol kommune (GK): Heidi Granli, Hege Mørk, Hanne C. Nes og Svein Eide Statens vegvesen (SVV): Hans Jan Håkonsen, Anders Olav Hagerup, Siv Andersen Referatet blir sendt til møtedeltakarane, Buskerud fylkeskommune og referert for kommuneplanutvalet i Gol.	

Sak	
1	<p>Kommunedelplan Gol tettstad</p> <p>a. Planprogram Gol kommune (GK) orienterte om utkast til planprogram og planprosess for revidering av kommunedelplan Gol tettstad. Planprogrammet skal til første gongs behandling i kommuneplanutvalet den 9. mars med påfølgjande høyring og kunngjering om oppstart av planarbeidet. Planprogram vil også bli tema i <i>regionalt planforum</i> i regi av fylkeskommunen i april, her vil også SVV delta.</p> <p>b. Framtidig riksvegtrasear i Gol og konsekvensar for kommunedelplan Planprogrammet tek utgangspunkt i at planen skal sluttbehandlast av kommunestyret i juni 2018. Eit sentralt tema er å få avklart om kommunen kan forvente eit juridisk bindande traseval for rv52 som erstatning for Vonheimlina i løpet av planprosessen.</p> <p>Oppsummering frå drøftingane: Det er ikkje realistisk at det vil bli tatt standpunkt til val av ny riksvegtrase for rv52 innanfor tidsramma for revideringa av kommunedelplanen. Før det er aktuelt for SVV å vurdere traseval må stamvegvalet avklarast og konkrete prosjekt må inn i NTP. Alternativa som er skissert aust og vest for Gol tettstad er to mulige løysingar, men det er også andre alternativ som må vurderast.</p> <p>Skulle SVV få bestilling om å prioritere rv52 vil planprosessen gå via mulighetstudie og konseptutvalsrunde og deretter som ein eigen kommunedelplan, eventuelt statlig regulering. Det er ikkje naturleg at Gol kommune sjølv gjennomfører slike omfattande prosessar.</p> <p>Gol kommune kan vurdere om Vonheimlina skal opphøyre uten at det er lagt inn nytt traseval i planen. SVV må i så fall ta standpunkt til dette i planprosessen og sette vilkår til neste revidering av planen. Ei slik avgjerd vil også kunne føre til strengare krav til eksisterande rv52 i form av ulike vilkår og restriksjonar.</p>

	<p>c. Andre saker knytta til kommunedelplan/reguleringsplaner</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Føresegner som gjeld veg og trafikk i eksisterande kommunedelplan gjeld inntil ny kommunedelplan er vedteken. ▪ Privat utbygger har varsla planendring for etablering av næringsareal ved ny avkøyring frå rv7 (rundkøyringa) på Storøyne. Trafikkanalyser må leggast fram som del av plan. SVV tek stilling til reguleringa i planprosessen. ▪ Reguleringsplan b4 i kommunedelplan. Her avventer ein klagebehandling hos fylkesmannen på løyve til mellombels avkøyring for anleggstrafikk.
2	<p>Ny avkøyring rv7 på Storøyne Kostnadsoversikt blir sendt SVV.</p>
3	<p>Trafikktryggleikstiltak 2017 i Gol Tiltak ved «ny» busslomme på rv52 ovanfor Vonheim og kryssing for mjuke trafikkantar i vegkryss Rv52/F223 blir vurdert av SVV. Gol kommune ber om tilbakemelding om kva tiltak som kan gjerast og når dette kan iverksetjast.</p>
4	<p>Eventuelt</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Gol kommune skal delta i prosjekt «Bygdepakker for attraktiv og klimavenleg stadsutvikling» i regi av Buskerud fylkeskommune og TØI. Det er søkt om prosjektmidlar for eit 3-årig prosjekt. ▪ Trafikktryggleiksplan for Gol kommune vil kome opp til ny politisk behandling og da vil også deltaking i «trafikksikker kommune» bli eit tema.

Svein Eide
Kommunalsjef